



Paula blir ved Eidsvik til i juni (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eidsvik Skipsbyggeri fekk heile jobben med ombygginga av Paula frå trålar til snurpar, Dette er dagens gledesbodskap frå den største verksemda i Uskedalen der dagleg leiar Svein Arne Eidsvik gler seg stort over ei kontrakt som betyr mykje for sysselsettinga i ei tid med mager ordrebok.

Paula har allereie lege nokre veker ved Eidsvik og fått rigga av trålarutstyret. Men skipsbyggeriet har vore i ein konkurransesituasjon med 2 andre om resten av jobben.

Når den nye eigaren av Paula - Dales Rederi i Os - til slutt valde Eidsvik var det naturleg. Paula vart bygd her og levert til Irland i 1994 og har sidan vore innom for reparasjon for 6 år sidan. Dermed har skipsbyggeriet svært godt kjennskap til båten, som skal heite MS Røttingøy i framtida fordi det er namnet på den Dale-båten som Paula avløyser.

Svein Arne Eidsvik reknar med at snurparen MS Røttingøy vil vera klar til å dra ut på fiskefeltet i slutten av juni.

Når jobben med Paula er på topp vil rundt rekna 15 mann vera beskjeftiga på båten og tillegg vil 7 mann ha arbeid med davitar. Likevel vil 15 av staben hos Eidsvik framleis vera permitterte. Men Eidsvik-ansatte har vore flinke til å skaffa seg midlertidige jobbar andre stader.

Av Ola Matti Mathisen